

---

Saknr:	2021/19482-1
Saksbehandlar	Jostein Hausevik
Dato:	Fjærestad 02.05.2021

---

---

**Til:** Hovedutval for næring

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Status fiskerihamner

Hovudutval for næring har bedt om ein status for arbeidet med fiskerihamner inkludert ei orientering i behov og moglegheiter for tilskotsordning for elektrifisering av fiskerihamnene.

Vestland fylkeskommune fekk overført 89 fiskerihamner 1.1.2020. Av desse var 14 definert som ikkje næringsaktive. Ansvar for drift, vedlikehald og utbygging av Fiskerihamnene blei lagt til Eigedomsavdelinga. Næringsutvikling knytt til fiskerihamnene ligg til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.

Det blei i forkant av overtakinga gjennomført ei vurdering av vedlikehaldsetterslepet og det blei samla vurdert til å være 52 mill kr. eks. byggherrekostnader. Det blei i økonomiplanen 2020-2024 og 2021-2025 satt av 10 mill kr årleg til vedlikehald.

Oppfølginga av fiskerihamnene er fordelt på tre einingar i Eigedom. Forhold knytt til eigedomsforhold og avtalar ligg til Forvaltningsseksjonen. Vedlikehald og utbygging er lagt til utbyggingsseksjonen der det er tilsett ein dedikert ressurs med ansvar for fiskerihamner. Drift og oppsyn med hamnene er lagt til Drift og vedlikehaldsseksjonen der ansvaret er fordelt på dei ressursane Eigedom allereie har stasjonert i heile fylket.

### Fiskerihamnene

Fiskerihamnene som bli overført fylkeskommunen består i stor grad av moloar og rettar til steinbrot og lignande. Nokon av hamnene har også mindre allmenningkaiar. Den fleste moloane er steinfyllingar, men det finnest nokre i betong også. Kaianlegg på innsida av moloane er i stor grad kommunale eller private. Vedlagt bilde syner Øklandsvåg på Bømlo som eit bilete på ei typisk fiskerihamn. Fylke sitt eigarskapen knytt til fiskerihamna er to moloar, ein kombinert vegfylling/molo og ein mindre allmenningkai. Det store kaianlegget som vises er knytt til Bremnes Seashore AS.



### Næringsaktive hamner

Av dei 89 fiskerihamnene som blei overført, var 14 definert som ikkje næringsaktive. Synfaringar og samtaler med nokre kommunar tyder på at aktiviteten innan fiskeri er svært låg eller fråverande også på fleire andre hamner. Det er nyleg starta eit arbeide med å gjennomgå også hamnene som er definert som næringsaktiv for å avklara om desse er så viktige for fiskeri eller anna næring at dei skal prioriterast i det framtidige vedlikehaldsarbeidet, eller om dei kan avhendast. Kommunar og fiskeriinteresser vil bli høyrd i dette arbeidet og fylkesrådmannen vil legge fram ei samla politisk sak om prioriterte hamner og hamner som kan avhendast.

### Aktivitet

Det har sidan fylket overtok fiskerihamnene vore vel 50 førespurnader av ulik slag. Fleirtalet har våre knytt til forlengingar av rettigheter som for eksempel for småbåthamner, men det har også vore førespurnader med ynskje om kjøp av hamneanlegg.

Det har vore vedteke to større investeringssaker - Bømlø fiskerihamn og Kalvåg fiskerihamn med ei samla investering på kr 242 mill eks mva (2021 kr). Begge desse utbyggingane er etablering av nye moloar og utdjupeing av hamna. Kaianlegg er det kommunane som etablerer i samarbeid med lokale fiskeriinteresser. Utbyggingsseksjonen i Eigedom vil ha ansvar for utbygging av begge desse prosjekta.

Eigedom fekk på plass ein fagansvarleg for fiskerihamnene sommaren 2020. Svært mange hamner har vore synfart etter dette og det er planlagt å etablere ein langsiktig vedlikehaldsplan hausten 2021 slik at entreprenørar kan væra på plass og starta vedlikehaldsarbeidet etter vintersesongen 2022 er over.

### Tilskotsordningar elektrifisering

Som nemnt tidlegare, så er kaianlegg i stor grad eigd av kommunar eller det private. Vidare, så har Vestland endå ikkje full oversikt over kva fiskerihamner som bør prioriterast. Det vil derfor væra naturleg og utsetje slike tiltak til det er kartlagd kva hamner som skal prioriterast og kva hamner som skal avhendast.